



## Granskogen min er brun, kva skal eg gjera?

### Skogen min er brun, kva er gale?

Dette er spørsmålet mange skogeigarar stiller seg for tida. Dei to siste vintrane har medført mykje sterkt austavind på Vestlandet, særleg i indre fjordstrøk. Medan vinteren 2012/2013 gav mykje frosttørke pga tele i bakken og begynnande vasstransport i trea kombinert med vind, har vinteren 2013/2014 i større grad gitt slitasje på nåler pga sterkt vind, noko som har medført mykje nålefall. Inntrykket til oss i Vestskog er at dei fleste skadene er på bestand og tre som har eksponerte kantar utsett for austavind, og at det difor er snakk om klimaskader og ikkje sopp eller insekt. Resultatet er uansett at mykje barskog på Vestlandet, særleg gran men også furu, no er veldig brun og ser sterkt skadd ut. Kva skal ein skogeigar gjera med dette?

Vestskog prøver med dette å gje deg som skogeigar nokre tips, og særleg kva ein bør vera obs på dersom ein har skader i granskog. Me har i utarbeidingsa av desse tipsa rådført oss med tidlegare skogforskar Bernt Håvard Øyen og skogforskar Svein Solberg hjå Skog og Landskap.

### 1. Vent til midten av juni

Dette for å sjå kor alvorleg skaden er. Er ikkje skaden veldig alvorleg, vil knoppane ha overlevd og skyt på vanleg måte i slutten av mai/byrjinga av juni. Då vil barskogen få eit lysegrønt skjær som «dekker over» skaden slik at det ser mindre ille ut. No i mai rett før knoppskytinga byrjer ser skaden aller verst ut fordi ein del nåler vil tørka ut og falla av trea no når vasstransporten begynner. Er skaden alvorleg kan det vera at knoppane og greiner/skot kan ha døydd i løpet av vinteren. Dersom skogen ikkje får det vanlege lysegrøne skjæret når knoppskytinga har byrja/skal byrja kan det vera ein indikasjon på at klimaskaden er alvorleg. Dersom ikkje skaden er for alvorleg vil særleg grana kunne henta seg relativt raskt inn igjen. Dette fordi grana har sovande knopper på oppsida av greinene som vil skyta dersom det oppstår situasjoner som i år. Truleg vil ikkje desse knoppane skyta før til neste år, men desse «reserveknoppane» vil vera med på å sikra at grana vil kunne henta seg inn igjen i løpet av fire-fem år.

### 2. Er toppen brun og krona tørr i midten av juni?

Er toppen på treet brun/glissen i midten av juni vil det vera ein indikasjon på at skaden er alvorleg og sjølv om treet kanskje ikkje har døydd kan det ta lenger tid før det henter seg inn igjen. Med små kroner og mindre bar kan ein få tilveksttap på treet. Dersom treet er dødt eller er i ferd med å dø, bør ein vurdera å få gjennomført hogst i løpet av sommaren for å unngå redusert tømmerkvalitet.

### 3. Fokuser på gamal skog, ungskog ikkje problem

Yngre granskog (20-50 år) har også blitt skada og fått nålefall i vinter. Dersom toppane overlever og trea elles er i live treng ein ikkje gjera noko. Denne skogen skal normalt ikkje hoggast før det tidlegast har gått 10-20 år og trea vil ha henta seg inn lenge før den tid. Tørkeskaden/nålefallet dei to siste vintrane vil difor ha minimal påverknad på totalproduksjonen målt over heile omløpstida.

---

#### **4. Insekt og sopp kan verta problem – følg med!**

Når granskogen er såpass svekka som etter dei to siste vintrane kan den få problem med insekter og soppskader, fordi trea si motstandsevne er redusert. Dette gjeld særleg honningsopp og rotråte som finst på Vetslandet, men ikkje i like stort omfang som på Austlandet. Når det gjeld insekt tenker me særleg på ulike granbarkbiller. Desse finst det for det meste lite av på Vestlandet pga av fuktig og relativ kjølig klima om sommaren (nokon fordeler må me ha). I indre strøk er det derimot noko tørrare og varmare om sommaren, slik at risikoen er høgare for at ein kan få ei oppblomstring av barkbiller. Til dømes er det på Voss påvist førekommstar av dobbeltauga granbarkbille, som er spesialist på å angripa svekka/skada grantre med redusert mostandsevne. Me seier ikkje at det vil koma insekt- og soppskader, men me oppmoder skogeigarane om å følgja ekstra nøye med på skogen dei neste par-tre åra for å sjå om det er teikn på at enkelttre får store problem utover det som ein kun kan forventa av tørkestresset som no har oppstått. Dette gjeld særleg skogeigarar som i indre strøk av Vestlandet, der risikoen er større for at det finst granbarkbiller som kan dra nytte av situasjonen med mange svekka grantre.

#### **5. Konklusjon**

Vent til midten av juni. Overlever toppane og årets skot greier seg ganske bra er det ingen grunn til å gjera noko spesielt. Dersom det er brune toppar og/eller årets skot ikkje ser spesielt friske ut, kan det vera lurt å vurdera hogst dersom bestandet/trea er over 50 år. Er skogen yngre enn 50 år bør den vera tilsvarende hardt skadd før det er aktuelt å hogga skogen. Vestskog kan vera med ut og gje tilrådingar til deg som skogeigar dersom du er i «tenkeboksen». Følg nøye med dei neste åra for å sjå etter teikn på insektskader.